



Møtereferat

Gruppe/tema: T5 Brann og redning
Møtestad: Brattvåg brannstasjon
Dato: 19. april 2018
Tid: 08:30 – 14:00
Møteleiar: Geir Thorsen

Deltakarar:	Kommune:
Geir Thorsen	Nye Ålesund
Nils Kristen Skaar	Haram kommune
Gerhard Strand Fitje møtte for Kim Andre Breivik som meldte forfall	Sandøy kommune
Magnar Kvalvik	Skodje kommune
Kjell Arve Lid	Ørskog kommune
Johnny Stølen skrivar	Ålesund kommune
Michael Werner	HVO
Bent Leite	Tillitsvald NITO

Saksliste:

1. Orientering om HMS-kartlegging av brannstasjonane. Michael Werner førebur og gjennomfører presentasjon.
2. Oppgåvene til Faggruppe Brann- og redningsteneste med ressursbruk, tidsbruk, økonomi og kompetanse. Til veka blir det sendt ut skjema som har blitt omarbeidd. Dette må alle førebu seg på slik at vi på dette møtet kan avslutte denne saka slik at ein etter møtet kan søke Nye Ålesund om midlar for gjennomføring av vårt prosjekt.
3. Gjennomgang av ROS-analysane frå kvar einskild kommune. Ein legg opp til ein presentasjon på om lag 15 min for kvar kommune. Med fokus på lokale risikoar og uønska hendingar. Ber om at Geir, Kim Andre, Nils Kristen Magnar og Kjell Arve førebur og gjennomfører ein presentasjon for sin kommune.
4. Studietur.
5. Behov for møte med andre faggrupper.

Referat og konklusjonar:

	Sak	Ansvar/tidsfrist
	Informasjon om prosjektet til tillitsvalde og til verneombod vart diskutert og informert om. Viktig faktor få å lykkast med prosjektet. Leite og Werner har en plan for gjensidig informasjon i sine kanaler. Sjølve prosjektgruppa må og ha en plan for å informere sine tilsette/mannskap med møter i dei ulike kommunane.	
1	Orientering om HMS-kartlegginga ved Michael Werner. Blir gjennomført av Michael Werner og Øystein Bjørkavåg. Første gjennomgang utført og	

	<p>planar for vidare arbeid lagt. Har laga prosedyre for gjennomføring. Skjema, dokumentasjon og rapport blir laga for dokumentasjon. Presentsjon ligg i portal under dokument. GT undersøker om det kan la seg gjere at MW kan bli frikjøpt i høve sitt arbeid med kartlegginga.</p>	
2	<p>Oppgåvene til Faggruppe Brann- og redningsteneste med ressursbruk, tidsbruk, økonomi og kompetanse. Faggruppa må vise oppgåvene som skal gjennomførast i høve mandat. Det skal kome fram kostnader og behov for å dekke inn manglande kompetanse. Vi skal og vise til kva oppgåver vi kan utføre i eigen regi og kostnad for dette. Alt dette skal vere med i ein søknad om prosjektmidlar frå Nye Ålesund til T. Vi må førebu plan B dersom vi ikkje får midlar til rådvelde. Plan B krevje midlar frå dei ulike kommunane til prosjektgjennomføring.</p> <p>Vi gjekk gjennom punkt for punkt i oppsett, nokre nye punkt kom i tillegg. GT og JS arbeidar med oppgåvene og førebur søknad. Ved behov skal faggruppa bli informert og kome med uttale. Dersom det då er klart blir søknad sendt. Sak vidareført til neste møte.</p>	
3	<p>Gjennomgang av ROS-analysane frå kvar einskild kommune. Gjennomgang av Sandøy si ROS-analyse. Hendingar som har stor risiko for Sandøy er sjøbasert. Brann, kollisjon og grunnstøyting med fartøy har høgast score. Tett trehusmiljø og brann Sandøy kyrkje kjem deretter. Andre funn er manglar på materiell, kompetanse og brannstasjon. Manglar materiell og kompetanse i høve Nordøyvegen.</p> <p>Dei andre kommunane var ikkje klar med sin presentasjon, blir vidareført til neste møte.</p>	
4	<p>Studietur. Gruppa ser det som nødvendig å skaffe fram kunnskap og erfaringar frå andre som har gjennomført likande samanslåingar. Tid og stad blir tatt opp på neste møte</p>	
5	<p>Behov for møter med andre Faggrupper. Sak vidareført til neste møte</p>	
	<p>Neste møte. Ynskje om endra møtetidspunkt neste møte sidan dette er ein inneklemd dag. Nytt møte i Faggruppa skal gjennomførast 24. mai kl 08:30 – 14:00 på brannstasjonen Ørskog.</p>	

Johnny Stølen

20042018